

ann,
egen
umar
ning

dag
m å
000
t de
nder
angs
Man
sol-
pro-

menade, hoteller og kafeer hvor folk kan bade, sole seg og leke «riviera».

■ Frank Eriksen skrev et vakkert forsvar for jernbanen, men vil den unge generasjon lytte til det? Antakelig ikke. Man vil ha toget under jorden eller helt, vekk ute på landet.

■ Jeg liker tog, i allfall når det ikke er buss for tog. Jeg lekte med tog da jeg var barn. Når jeg i dag går tur langs strandveien

og toget går mot Lillehammer ser jeg hvor vakkert det smyger seg opp under Furuberget og turer i det det kommer til svingen ved kalkfabrikken. Jeg vet også klokkeslettet fra toget. Når Lillehammertoget passerer sydover er det ca. 10 minutter på timen, når toget går nordover er det litt over timen. Og jeg har ingen problemer med å komme ned til mjøsstranda og sitte der og se over til Nes. Det finnes en rekke underganger. Om sommeren er det fullt av folk som koser ved stranda,

toget hindrer dem ikke. Mjøsa er der og de reisende på toget kan oppleve Hamars vakre beliggenhet mens toget glir i sakte fart inn mot stasjonen.

■ Men jeg er redd det er forgjerves. Hamar skal ikke være jernbaneby lenger. Den nye generasjon vil ha en badeby. Det har de underskrevet på.




Foto: TUVA KLEVEN

fra sør til nord.
Leg har en takk
gi dem:
Alle er meg kjær,
og så snart jeg går ombord,
står jeg ikke lenger her.
Jørne Nikolai Nordbakken

DIALEKTER OG SKRIFTSPRÅK

Nokre språkfakta

■ Bjørn Kristen Ørbæk skriv igjen om dialekter og skriftspråk (HA 27. april) – dessverre med mange faktafeil. Nynorsk er ikkje ei framand dialektnormalisering, men eitt av dei to norske skriftspråka og eit tverrsnitt av alle dialektene. Bokmål er opphavleg dansk, som ein kan sjå på som ei nordisk dialekt. Det blei først tilpassa såkalla «danna daglegtale», som var danskpåverka bymål. I ettertid blei det normalert i samsvar med samnorsktanken, slik at det i dag står fram som eit norsk skriftspråk.

■ Argumentet om at nynorskelevar har ein fordel ved å kunne bruke sitt «særspråk» i skolen, er like godt eller dårleg som å seie at bokmålelevar har ein fordel ved å kunne bruke sitt særspråk. Når skriftspråk øydelegg for dialektene, går dette begge vegar.

■ Kva er «tvangspolitikk»? All politikk er frivillig i den grad ein kan påverke politikken gjennom det demokratiske systemet. Ein kan også sjå på politikk som twang dersom ein er ueinig i det som er vedteke som lov.

■ Ørbæk påstår at målfolk ikkje vil gje plass til norske dialekter og språkleg mangfold. Fleip eller fakta?

Ørbæk meiner at vestlendingar har ein fordel gjennom å bruke nynorsk, men samtidig påstår han at det naturlege skriftspråket for vestlendingar (og andre) er bokmål. Kva skal ein seie til det?

Ørbæk skriv at bokmål har utvikla seg gjennom lang tid. Nynorsk blei til rundt 1850 og har faktisk vore i bruk i lengre tid enn bokmål, som ikkje fjerna seg særleg frå dansk før ut på 1900-talet.

■ Kva er faktagrunnlaget for at bokmål «utvilsomt er det språk som lettest blir forstått i Norden»? Kva for eit vedtak har Språkrådet «nylig» fatta «om en omfattende frihet i valg av radikale og moderate former»? Rettskrivingsreforma for bokmål var i 2005. Det er ti år sidan. Det er vel litt sært å kalle dette for «nylig»?

Jens Haugan

Hamar dialekt- og mållag